

Vidar Lehmann  
Søreidtræet 22  
5251 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 20/851 - 20/26370

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
07.05.2020

## **Melding om vedtak i utval for Areal, plan og miljø - Dispensasjonssøknad naust mm - Byggesak GBNR 234/43 Eide ytre**

**Tiltak:** Dispensasjonssøknad naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 234/43  
**Tiltakshavar:** Vidar Lehmann

Saka vart handsama av utval for areal, plan og miljø i møte den 29.04.20, der følgjande vedtak vart fatta:

**«Utval for areal, plan og miljø tek klagan delvis til følgje og godkjenner omsøkt naust. Søknaden om dispensasjon i frå kommuneplanens arealdel (vedteke oktober 2019) sin § 3.4.1 – LNF områder (Landbruks-, natur og friluftsområde), § 3.5.1 generelt (Bruk og vern av sjø og vassdrag), samt plan- og bygningslova sin § 1 -8 , Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag vert godkjent.**

**Utvalet vil vise til at synfaringa viste at eit naust med kan byggjast på staden på ein harmonisk måte, utan at strandsona vert særleg forringa, og at tiltaket vil byggje opp under det eksisterande naustmiljøet som ligg på begge sider av omsøkt stad. Tiltaket vil heller ikkje koma i konflikt med frilufts- eller andre miljøinteresser i området. Ut frå ei samla vurdering meiner APM at fordelene med omsøkt tiltak difor er klart større enn ulempene, og at det kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.»**

Dette betyr at du har fått dispensasjon til å føre opp eit naust med nødvendige terrengringsgrep for naustet, men fått avslag på dispensasjon for båtslipp, kai, internveg og øvrige terrengringsgrep.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Vidare saksgang**

Den delen av søkanden du har fått løyve til blir nå sendt til Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering. Dei har treveker på å eventuelt klaga.

Den delen du ikkje har fått medhald på i klaga for vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd. Vi gjer merksam på at Fylkesmannen i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er på mellom ein og tre månader.

Vi gjer merksam på at dette vedtaket kun gjeld for dispensasjonssøknaden, og at det må søkast eit normalt byggeløyve før den delen som er godkjent kan igangsettast.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

I klagan skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på avslag på dispensasjonssøknad naust , båtslipp, kai, internveg og terrengarbeider - gbnr 234/43 Eide ytre

### **Mottakarar:**

Vidar Lehmann